



Koshi(t.h) som bur i Ospelunden i rytmisk framføring saman med Mauricio og kunstlærer Karin.

**At Kvinnherad for tida rår over svært dyktige kulturskulelærarar, var konserten fredag kveld eit tydeleg bevis på. Publikum fekk oppleve ein flott konsert med mange innslag på høgt nivå. Vi fekk høyra musikk som spente frå Rachmaninov til Bee Gees, og i tillegg ein godt framført monolog.**



Framføringa av vakre GABRIELS OBO var eit høgdepunkt.

Til saman bestod programmet av 13 innslag, og vel halvparten av nummera vart framført av ulike band samansett av lærarane. Frå det starta med svingande 'What's new' som vi kjenner med m.a. Dexter Gordon frå 60-talet til dei avslutta med Shocking Blue-slagaren 'Venus' kosa publikum i salen seg.

Det var også nokre soloinnslag. For underteikna var 'Elegi' av Rachmaninov framført på waldhorn av eminente Linas Dakinevicius akkompianert på piano av Pawel Cabala og vakre 'Gabriels Obo' framført av band(sjå bilde) to av dei absolutte høgdepunkta.

I tillegg til musikkinnslaga fekk vi også oppleva ein artig og godt framført monolog, 'Blåfugl', ved dramalærar Eirin Nordvik. Danseinnslag var det ikkje, men den dyktige danselæraren, Koshiwayi Sabuneti, som bur i Ospelunden, viste sitt rytmiske talent då han deltok i trommetrio. Saman med Mauricio Weimar og kunstlærar Karin Bøe framførte dei sjølvkomponerte 'Samba Timbalada' til stor glede for publikum.

Denne lærarkonserten vart arrangert for første gang i fjor, og er eit flott tiltak som vi håpar vert årvisst. I fjor var det stappfull sal, i år var det litt mindre, og det er vel veret medverkande til. Det er ein flott måte å presentere kulturskuletilbodet på, og rektor sjølv, Kirill Zimin, var sentral i mange nummer der han alternerte mellom klarinett og ulike saxofonar og imponerte på alle.

Å setja saman programmet må vera utfordrande med tanke på øvingstid, når lærarane opptekne med undervisning. Med så gode krefter hadde dei sydd saman eit flott program sjølv om underteikna nok kunne tenkt seg ein waldhorn-solo til med nemnde Linas og ikkje minst eit flott fiolinstrykke eller to med dyktige Olena Pasichnyk.

Eg takkar kulturskulelærarane for ein flott konsert og håpar dei slår til på nytt til neste år.



Røyserett-dirigert Maria Malmsten deltok i mange innslag med vakker song. Her vert ho akkompagnert av Frode Kaldestad på piano. Tekst, foto og nett; Thor Inge Døssland